

UNIVERSITETET I BERGEN

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

Arkivkode:

Saksnr.: 2015/6899

Fakultetsstyresak: **55**

Møte: 10. september 2015

INSTITUTTLEDER (KODE 1475) VED MOLEKYLÆRBIOLOGISK INSTITUTT – OPPNEVNING AV ARBEIDSGIVERMEDLEMMER TIL INNSTILLINGSUTVALG

Åremålsperioden for instituttleder ved Molekylærbiologisk institutt, Rein Aasland, utløper 31. desember 2015, og instituttlederstillingen (åremål for fire år fra 1. januar 2016) er lyst ut med søknadsfrist 15. september 2015 (se vedlegg).

I henhold til reglement for ansettelse i vitenskapelige stillinger og faglige/administrative lederstillinger, vedtatt av universitetsstyret 28.5.2014 følger det av § 4.1.3 Ansettelse av instituttleder at:

«Innstilling til instituttlederstilling foretas av et innstillingsutvalg med prodekan som leder, og fire medlemmer. To av medlemmene skal representere arbeidsgiver, ett medlem tjenestemennene og ett medlem studentene. Ett av medlemmene som representerer arbeidsgiver, skal være utpekt av det aktuelle instituttrådet. Det oppnevnes personlige varamedlemmer for lederen og medlemmene.

Ansettelse av instituttleder skjer på åremål for fire år av gangen. Ingen kan være ansatt som instituttleder i en sammenhengende periode på mer enn tolv år.»

Oppnevning av arbeidsgivermedlemmer til innstillingsutvalget

Ifølge ovennevnte regler skal ett av de to medlemmene som representerer arbeidsgiver utpekes av instituttrådet ved gjeldende institutt.

Praksis ved fakultetet er at fakultetsstyret oppnevner det andre medlemmet, og det foreslås på denne bakgrunn at fakultetsstyret oppnevner følgende arbeidsgivermedlem og varamedlem til innstillingsutvalget:

- Margareth Hagen, dekan ved Det humanistiske fakultet
- *Vara:* Knut Helland, dekan ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet

FORSLAG TIL VEDTAK

Fakultetsstyret vedtok å oppnevne følgende arbeidsgivermedlem og varamedlem til innstillingsutvalget som skal vurdere søkere til instituttlederstillingen ved Molekylærbiologisk institutt:

- Margareth Hagen, dekan ved Det humanistiske fakultet
- *Vara:* Knut Helland, dekan ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet

3. september 2015/KRB

Elisabeth Müller Lysebo
fakultetsdirektør

Vedlegg 1 Kunngjøring av instituttlederstillingen

Instituttleiar ved Molekylærbiologisk institutt – åremålsstilling

Ved Molekylærbiologisk institutt er det frå 1. januar 2016 ledig ei åremålsstilling som instituttleiar for fire år.

Om instituttet

Molekylærbiologisk institutt er eit av åtte institutt under Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet. Instituttet har 10 faste vitenskapelige stillingar, 15 forskarar og postdoktorar, 15 stipendiatstillingar, 12 tekniske og 5 administrative stillingar. I tillegg har instituttet til kvar tid fleire gjesteforskarar.

Undervisninga ved MBI innan fagområdet molekylærbiologi og biokjemi dekkjer alle gradsnivå. Instituttet har i dag om lag 100 registrerte bachelorstudentar, 40 masterstudentar og 30 doktorgradsstudentar.

Forskinga ved instituttet er fokusert på tre satsingsområde: i) biomolekylære struktur-funksjonsrelasjonar, ii) signalisering og regulering i biologiske system, og iii) utrekningsorientert biologi. Forskingsgruppene ved instituttet har utstrakt forskningssamarbeid både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Instituttet har to forskingsprogram: ProtMetD innan proteinmodifisering, metabolisme og sjukdom og NucReg innan molekylære mekanismar for genregulering og biomolekylære interaksjonar.

I Høgteknologisenteret i Bergen har instituttet tidsmessige laboratorium og undervisningsrom. Ein moderne instrumentpark er bygd opp for proteinstrukturstudiar, proteinfunksjonsstudiar og cellebiologiske studiar. Instituttet har ansvar for universitetet sitt laboratorium for DNA-sekvensering, som sel tenester til interne brukarar. I tillegg har instituttet gode fasilitetar for dyrking av mikrobielle organismar og eukaryote celler og dessutan tilgang på moderne sebrafiskfasilitetar og akvarium for andre akvatiske modellsystem.

Nærare opplysningar om instituttet kan ein finne på instituttet si heimeside:

<http://www.uib.no/mbi>

Om stillinga

Instituttleiar har ansvar for den samla verksemda ved instituttet innanfor gjeldande rammer. Instituttleiar har eit overordna personalansvar, HMS-ansvar og resultatansvar for forskning, utdanning og formidling. Instituttleiar leiar instituttrådet, rapporterer til dekanen og inngår i fakultetet si leiargruppe.

Instituttleiar sine viktigaste oppgåver er å

- leie og utvikle verksemda ved instituttet i tråd med strategiane til instituttet, fakultetet og Universitetet i Bergen.
- sørge for god fagleg leiing med vekt på kvalitet og god balanse mellom utdanning, forskning, formidling og innovasjon.
- representere og posisjonere instituttet og bidra til internt og eksternt samarbeid.
- bidra til utviklinga av fakultetet.
- stimulere og leggje til rette for at dei tilsette hentar inn ekstern forskingsfinansiering.
- skape ein positiv organisasjonskultur og stimulere til eit produktivt og godt arbeidsmiljø.
- leggje til rette for at prosessar er baserte på medverknad.
- sørge for tenlege teknisk-administrative tenester og effektiv drift av verksemda.
- sørge for at internkontroll og økonomistyring fungerer i samsvar med fastsette reglar og rutinar.

Vi søker ein instituttleiar som

- har gode leiareigenskapar, dokumenterte resultat frå forskingsleiing og god forståing for utdanningsleiing.
- er ein internasjonalt anerkjent forskar med professorkompetanse innan eit av fagområda ved instituttet.
- har evne til å setje mål og arbeide strategisk for instituttet.

I tillegg vert det lagt vekt på

- god forståing for leiing av kunnskapsmedarbeidarar i ein kontekst med akademisk fridom
- ein motiverande og inkluderande leiarstil prega av samarbeid, medverknad og dialog
- gode kommunikasjonsevner og evne til å byggje nettverk og skape legitimitet og tillit internt og eksternt
- leiaråttferd som stimulerer til gode resultat og eit godt arbeidsmiljø blant tilsette og studentar

Vi kan tilby

- eit godt og fagleg utfordrande internasjonalt arbeidsmiljø
 - løn etter avtale (stillinga er plassert i kode 1475)
 - medlemskap i Statens pensjonskasse
 - stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
 - gode velferdsordningar
 - høve til å halde fram med eigen forskingsaktivitet.
- Det vert stilt ressursar til rådvelde.

Om eksternt søkjar vert tilsett, vil vedkomande få tilbod om tilsetjing som professor i hans/hennar fagområde etter at åremålet er ute.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få frå dekan Helge K. Dahle, telefon +47 55 58 48 56 / e-post helge.dahle@uib.no, eller fakultetsdirektør Elisabeth Müller Lysebo, telefon +47 55 58 81 98 / e-post Elisabeth.Lysebo@uib.no.

Alle spørsmål blir handsama konfidensielt.

Generell informasjon

Den som vert tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Ved utløpet av kvar åremålsperiode skal stillinga kunngjerast offentleg. Ingen kan tilsetjast samanhengande i same stilling i meir enn tre åremålsperiodar.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvoltering.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i folket. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn og likeeins personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan offentleggjerast sjølv om søkjaren har oppmoda om å ikkje verte ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om det.

Send søknad, CV, attestar og vitnemål elektronisk ved å klikke på knappen merkt "SØK STILLINGA" på denne sida.

Søknadsfrist: 15. september 2015